

prosent i år, ifølge bøndenes erstatnings-  
søknader. Trøndelag og Vestlandet øker

forteller at totaltallet er drøyt 56.000 i  
2009, mot drøye 53.000 i 2008.

Sida 6

HELGA · 14-17



## Inst i dalen

**Jostedalen** har ligge  
av sides til all sin dag.  
No er tomme hus i ferd  
med å fyllast opp med  
folk.

FOTO: BJØRN GRIMSTAD

Kato Nykvist  
er kommentator i Nationen.

\* LANDBRUK · 4

### Landbruket en del av klimaløsningen

– Hvert enkelt bruk må bli mer klimavennlig, sier bondelagsleder Nils T. Bjørke. Det er noe av budskapet fra Norges Bondelag når de i dag sender fire mann til klimatoppmøtet i København.

\* LANDBRUK · 5

### Full gjennomgang av jordpriser

Regjeringen godtar ikke Statskogs forklaring på de skyhøye prisene på tilleggsjord. Innen 1. mars skal et nytt prisregime på plass.

\* LANDBRUK · 8

### Vil skjerpe inn krava til gjødselbruk

Landbruksdepartementet har varslet full gjennomgang av reglane til husdyrgjødsel. Målet er å redusere utsleppa av næringsstoff til vassdrag og å kutte klimautsleppa.

### SPAR PENGER

Kjøp litt brukt John Deere  
2009 mod. til rimelig pris



TLF.  
906 08 285  
911 21 021



John Deere, Valtra og Fendt. **Perfekte julegaver til traktorinteresserte!**

www.traktoreffekter.no  
906 08 285

HVER LØRDAG

13 SIDER >

# HELGA

**«Du lærer det fort på ein liten plass som dette at ingenting gjer seg sjølv.»**

Karl Gjerde, bonde i Jostedalen





Side 14

**Jostedalen** · Bare bygdefolket holder hus der nå **14**

**Politikk** · Svinger pisker over våre folkevalgte **18**

**Aktuell** · Barack Obamas retorikk under lupen **20**

**Kunst** · Kjartan Slettemark lever videre i ny bok **25**

HELGA

# Lys i stille gre

50.000 turistar strøymer til **Jostedalen** kvar sommar.  
Men berre bygdefolket veit at den aller finaste tida er no.



**Stille stemning:** Inntil i ein fjord, inntil i ein dal ligg ei bygd med ei heilt spesiell tiltrekningskraft. No er tomme hus i ferd med å fyllast med folk.



FOTO: BJØRN GRIMSTAD

# HELGA

► **LUSTER.** Jostedalen har ligge avsides til all sin dag. Likevel strøymer turistane hit sommars-tid. Først og fremst for å sjå Nigardsbreen. Sidan snur dei og reiser heim. Dei må snu. Jostedalen er ein blinddal. Du kjem ikkje vidare herfrå.

No er det desember, lågsesong og heilt stilt. Sola skin berre øvst på fjelltoppane. Nede i bygda er det mørkt, nesten litt innstengt. Seks minus.

To auge gnistrar.

– Å flytte hit er det luraste eg har gjort. Det er no som er den finaste tida, seier Arne Moe (34), og smiler svakt.

## Det er den draumen...

Han har ti somrar som breforar bak seg. I vår busette han seg i Jostedalen for godt. Etter Oslo kunne han alltid flytta til tettbygde Gaupne, kommunesenteret i Luster der han vaks opp. Men han valde altså utkanten.

– Det er godt at det ikkje er så mykje folk. Dei er bra, dei som er., seier han og smiler svakt.

Arne er utdanna ingeniør, men hoppa av doktorgraden i tide, som han seier. Fekk nok av teori, og for lite av det som gir meining. Snø og is. Ski og klatring. No skal han på ski. Gå opp til Spørteggbu, med einaste mål å køyre ned igjen i tørr nysnø. Mobilen har han gløymt att heime. Arne spanderer ei setning om gongen.

– Eg har mange kolleger som er misunnelege på meg.

## Snø til folket

Berre spesielt interesserte veit at Jostedal har like mykje nedbør per år som Oslo. Nesten alt kjem om vinteren, og dermed som snø. Breane sørger for skiføre ni månader i året. Her finst ingen skitrekk. Du må tråke dine egne spor.

Altså er det optimale forhold for Arne og kom-



...nær like mykje hebbur per år som Oslo. Nesten alt kjem om vinteren, og dermed som snø. Breane sørger for skiføre ni månader i året. Her finst ingen skitrekk. Du må trække dine egne spor.

Altså er det optimale forhold for Arne og kompani hans. Sommarstid har dei rydda unna skog og kratt for å ha plassar å køyre når skredfaren i fjellet er stor og sikta dårleg. Breføring, skredkursverksemd, latterleg billeg husleie og elles nøktern livsstil får livet til å gå rundt akkurat som han vil.

– Det er eit godt miljø. Vi som bur her har vi dei fine plassane for oss sjølve, seier han.

### Hit, men ikkje lenger

Jostedalen består av mange grender og tel i alt 420 innbyggjarar. Dei fleste jobbar i kommunesenteret Gaupne, ein halvtimes køyretur unna. Til Sogndal tek det ein time.

Med den pågåande sentraliseringsbølga i mente, burde ein plass som Jostedalen vore i krise. Ein utkant i ein utkantkommune. Ein blinddal det nærmast er naturstridig å busetje seg i. Men sidan nyttår i fjor har bygda hatt ein tilvekst på 15 innbyggjarar. Fleire planlegg å kome etter.

Familien Sagabråten skulle berre vere der to dagar i juni for å sjekke forholda.

– Her var det dødt, var Aviåja Sagabråten (12) sitt fyrsteintrykk av Jostedal.

Det er ein ærleg sak. Ho kom hit frå Danmark og såg det alle ser: Hus som står til nedfalls. Butte fjellknauser som stenger dalen inne. Det er fort gjort å få kjensla av å vere skikkeleg langt unna.

Men i løpet av desse dagane rakk 12-åringen å sparke sin første fotballkamp og score mål for Bjørn IL, i lånt trøye og joggesko. Altså før dei hadde flytta.

– Eg meldte meg inn i både håndball og fotball. Vi flytta inn i august, seier ho.

### TING ENDRAR SEG

«Eg trudde ikkje eg skulle flytte heim igjen før eg vart 40. Ting endrar seg.»

KARIN GJERDE (29), BONDE



1



### NØGD

«Å flytte hit er det luraste eg har gjort.»

ARNE MOE (34)



No er Jostedalen ein ti gonger betre plass å bu enn Danmark.

– Her er det 28 elevar på heile skulen. Det er litt betre enn ei bråkeklassa eg gjekk i.

Det var bråkeklassa som gjorde at ho ville flytte. Så då pappa Øystein spurde om dei skulle flytte til Noreg, nikka begge døtrene. Og kona Lillian. Hemsedølen syntest heimbygda er blitt for snobbete. Luster kommune hadde fjord og fjell. I Jostedal hjalp dei til med bustad og jobb. No jobber han som prosjektleiar i Ski Sogn, og heile familien er einige om at Jostedalen alt anna enn daudt.

– Eg byrja å grine då vi fekk oss katt. Vi har aldri hatt dyr før, seier Aviåja.

– Det er berre å gå gjennom ei grind, så kjem eg til venene mine. Så kan eg berre spørje om vi skal vere hos dei eller hos meg, seier Mathilde (7).

– Vi har budd her i fire månader, og er blitt utruleg godt mottekne. Det er Marit si skuld at vi hamna her. Vi er evig takknemlige. Nå ventar vi berre på enda meir snø, seier Øystein.

### Lita, men levande bygd

Marit Aakre Tennø er ho som står bak Jostedalen tilflyttingsprosjekt og slagord: «Det er dette du drøymmer om». Her lokkast det med skiføre og yrande bygdeliv.

Marit meiner det er vanskeleg å anslå om alle dei 15 som har flytta hit i år kom på grunn av pro-


sjektet. Likevel har ho 10-15 par står på lista som kunne tenke seg å flytte til bygda. Jostedal ligg i kraftkommunen Luster, og nyt godt av det. Men det er eit fascinerande trekk at folk vel seg til utkanten.

– Mange av tilflyttarane er friluftsfolk. Men det verkar også som om fleire flyttar heim igjen. Rundt 1950 var det kraftig auke i folketalet samband med kraftutbygginga her. Det er ikkje mange store etableringar her frå før, så det må bety at folk verkeleg har lyst til å bu her, seier ho.

### Mykje å henge fingrane i

Nyare arkeologiske undersøkingar viser at Jostedalen slett ikkje var så utdøyd etter svartedauden som soga om Jostedalsrypa vil ha det til. Det har vore drive jordbruk og vore busetjing i dalen utan avbrot både under og etter Svartedauden i 1349. Endå nyare funn viser høg aktivitet: Måndagar kan du vere med på danseøving eller dametrim. Tysdagar er det basketballtrening og babysvømming på samfunnshuset. Her får du samtidig kjøpt vaflar til fem kroner plata i dognadskafeen. Saft er inkludert i prisen. Onsdag er det symjing for revmatikarar, barneteaterøving, fotballtrening og korøving – om ryggen til dirigenten blir betre snart.

Torsdag er det handarbeidstreff. Fredagar er det pub på hotellet. Bingo for dei som likar det. I blant er det quiz.



Blir det for mykje snø der du bur, er det berre å ringe ein bonde, så kjem han og brøyter.

### Høgt under taket

– Til å vere ein så liten plass skjer det utruleg mykje her. Du lærer det fort på ein liten plass som dette at ingenting som gjer seg sjølv. Folk er flinke til å støtte opp kvarandre, seier Karin Gjerde (29).

Ho flytta heim igjen for tre år sidan for å overta garden. No er ho heiltidsbonde, med 65 mjølkekyr og ei kvote på 195.00 liter.

– Kall meg naiv optimist, smiler ho, vel vitande om at å drive landbruk på morenejord ikkje er spesielt inntektsbringande.

Likevel har det aldri vore nokon tvil om at ho skulle drive vidare. Men ho kom heim frå Bergen og omverda lenge før ho hadde tenkt. Ho har skinnjakka på, og nektar å bli avfotografert i fjøskleda. Men fuglane skal vite at ho trivst som bonde og heimkomen jostedøl.

– Eg trudde ikkje eg skulle flytte heim igjen før eg vart 40. Ting endrar seg, seier ho med eit smil.

– Respekten for dei som har bygd stein for stein og rydda det mogleg å drive gard her betyr veldig mykje for at eg vil drive den vidare. Samstundes er det veldig fritt å vere bonde. Manikyren går til helse, men, ler ho.

Karin er eit arbeidsjarn, akkurat som mor si, som ho overtok etter. Mora driv bygdas einaste hotell, restaurant og pub. Karin hjelper til

**1. – Å flytte hit er det luraste eg har gjort, fastslår Arne Moe, etter ti år som breførar i Jostedalen. Her har han og likesinna optimale forhold for skikøyring og isklatring. Dei veit kvar dei må gå.**

**2. – Kall meg naiv optimist, seier bonde Karin Gjerde om yrkesvalet. Likevel kjennest heimkomsten heilt rett.**

**3. Arne Moe og Sigrid Henjum er to av fire som har flytta til Jostedalen det siste året. Husleiga er berre tusen kroner kvar i månaden. Huseigarane er glade for at huset er teke i bruk.**

**4. Aviåja, Mathilde og Øystein Sagabråten føler seg veldig velkomne i Jostedal.**

ALLE FOTO: BJØRN GRIMSTAD

– Eg ville ikkje hatt ein 9-16-jobb om eg hadde fått ein. Eg må ha noko å gjere heile tida, seier ho.

Frøkena på Gjerde har ei fast helg i året som ho dreg til Bergen for å få treffe vener og sin dose byliv.

– Eg treng den helga. Men etterpå er eg heilt utslitt. Då er det godt å kome heim.

For som skikøyrar-Arne synest ho at den aller finaste tida i Jostedal er no, når skuldrene er senka.

– Det er moro om sommaren, men veldig godt om vinteren. Då senkar vi skuldrane, seier ho.

– Det gleder henne at også folk som ikkje har røtter her frå før vel seg til Jostedalen.

– Eg veit ikkje korleis det er i andre bygder, men eg føler det er veldig høg takhøgde her. Turismen gjer at bygdefolket er vande med folk. Mitt inntrykk er at det er svært ressurssterke folk som busett seg her. Dei ser på Jostedal som ein turistplass som ikkje er øydelagd, og vil verne om det, seier ho.

Eit ektepar har fått stønad til å setje i stand eit gammalt pensjonat som også skal bli galleri. Gry Celius, klatrar, kunstnar og arkitekt leikar med tanken på å bygge lågbudsjett-hus til friluftsjunkiar. Med god plass til utstyr, sjølvsagt.

### Siste stopp

Arne kjem ned igjen frå fjellet rett før det blir mørkt.

– Fin tur, bra dag, oppsunmerer Arne. Det heng dunjakker på alle knaggane i gangen



«Det er moro om sommaren, men veldig godt om vinteren. Då senkar vi skuldrene.»

KARIN GJERDE (29), BONDE

heime, men stort sett er folka som bur her ute. Sidan han flytta inn i vår, har tre likesinna korne etter. Kjærasten Sigrid (26) flytte inn i sommar. Ho er nettopp innatt etter ridetur med Lukas, ein lun fjording som fraktar turistar om sommaren. Til helga skal dei lage ferjulsomor i bygda. Duoen skal gjere triks.

Sigrid er utdanna sjukepleiar, men kunne gjerne levd av padling og friluftsliv.

– Ein blir ikkje akkurat rik av dette, men eg vil vere mest mogleg fri og drive mest mogleg med friluftsliv, seier Sigrid, som planlegg padleeksedisjon rundt Sør-Georgia.

I vinter vil ho bu her. Låge kostnader, bra bygdefolk og fantastisk natur. Ingen av dei har tenkt å gjere noko med bestemor gardinene som heng att frå ho som budde her før.

– Eg veit ikkje om eg kjem til å bu her resten av livet, men det er veldig bra no, seier Sigrid, og gløttar bort på Arne.

Ho veit kva han kjem til å svare.

– Her kan eg bu til det uendelege, seier han.

GUNHILD AASLIE SOLDAL

gunhild.soldal@nattipen.no